

Tolkien-tider: (NPK) *Ringenes herre*, *Hobbiten* og *Silmariillion* er reine pengemaskinen for forlaget Tiden. Til no i år er det selt over 90.000 eksemplar av Tolkien-bokene, meir enn i heile fjer. Tiden lanserer i haust ei prakutgåve av *Ringenes herre* med illustrasjonar av Alan Lee.



Albert Åberg er 30 år:
(NPK) Vi har alle hørt om Albert Åberg. I tre tiår har han fengsla og underheldt barn i mange land. No i helga feirar svenskane 30-årsjubileum for Gunilla Bergströms boker om Albert Åberg i Stockholm.

I Sverige går Albert under namnet Alfons Åberg, og den første boka om

han kom ut tidleg på 1970-talet. Gunilla Bergström både teiknar og fortel om den vesle gutten som bur saman med pappaen sin. Meir enn 23 boktitlar om Alfons Åberg er gjevne ut på 29 ulike språk. 3,2 millionar boker om Albert er trykte i heimlandet Sverige. 2.717.600 boker er trykte utanfor Sverige, 958.000 berre i Noreg.

KRIGEN

Dei gode av hjartet

Vel tjue nordmenn har blitt offisielt heidra for å ha berga norske jødar frå Holocaust under krigen. Men hjelparane tykkjer ikkje det er noko å snakke om.

Roald Helgheim
roald@dagogtid.no

– Dei tenkte ikkje på at dei gjorde noko spesielt. Dei berre gjorde det, seier Irene Levin, som fekk begge foreldra, ein onkel, ei tante og ei mormor berga frå den første transporten av jodar til Tyskland i november 1942. Ni personar var med om å hjelpe dei, for to år sidan vart dei æra med titelen «Righteous Among The Nations».

Båt denne utmerkinga står Yad Vashem, eit Holocaust-senter i Jerusalem til minne om både martyrane og heltane. Dei arbeider ikkje berre med å dokumentere offera for Holocaust, men også dei som med fare for livet hjelpte jodar til å komme seg unna. Til no har over 19.000 kvinner og menn verda over blitt heidra og dekorert som «dei gode av hjartet», og talet er stadig veksande. Per 1. januar toppar Polen lista med 5632 dekorerte hjelparar. Oppsiktveskjande i Nederland sine 4464, mens talet på hjelparar i Frankrike er på vel 2000, Ukraina 1755 og Belgia 1322. I Skandinavia låg Noreg på topp ved årsskifte med

20, føre Danmark med 17 og Sverige med 10. I tillegg til einskildpersonane er den norske motstandsrasla også heidra, viser oversynet frå Yad Vashem.

I år har to nye namn kome på den norske lista. Det fortel Herman Kahan, som leier den norske venneforeininga for Yad Vashem i Oslo. Dei to er Margit Tøsterud frå Oslo og Astrid Michelsen frå Trondheim.

– Talet 22 er altfor lite. Mange som hjelpte jødane under krigen, tykkjer ikkje det er noko å snakke om. Difor er dei også vanskeleg å få tak i, seier Herman Kahan.

Politihjelp

– 22 ser ut som eit lite tal for Noreg, men etterom Danmark er kjent for å ha berga unna langt fleire jodar, er det verdt å merke seg, seier Per Ole Johansen ved Institutt for kriminologi (den danske motstandsrasla er også kollektivt heidra). Johansen skrev boka *Oss selv nærmest om Noreg og jødane*, og har sidan forfatta mange artiklar om deportasjonen av norske jodar i 1942 og 1943. At politiembetsmannen som leidde aksjonen mot jødane i Oslo vart frifunnen etter krigen, var ei av dei oppsiktveskjande avgjerdene under rettsoppgjaret.

– Men vi må ikkje gløymje at også politimenn var med på å berge jodar, seier Johansen, som fortel at Henrik Hebo, som var sjef for den nazistiske politimisiteren Jonas Lie, arrangerte fleire transportar med jodar til Sverige, med væpnad politi som vakter.

Talet på omkomne norske jodar



På Yad Vashems liste over folk som berga livet til jodar under krigen, er Tyskland oppført med 358 personar. Terroren mot jødane byrja kort tid etter at Hitler hadde fått makt. Her er Hitler-Jugend i gang med å klistere plakatar på jødiske verksamheter.

Bilete frå Kristian Ottosen: *Den annen verdenskrig*

under krigen er no 768. Berre nokre få av dei som vart sende med hovudtransporta til Tyskland 26. november 1942 og 25. februar 1943, overlevde. Det var rundt 1700 jodar i Noreg ved krigsutbrotet.

– Sjølv om talet på omkomne

norske jodar relativt sett er stort, må vi ikkje gløymje dei som vart berga, seier Johansen. Ulike motstandsgrupper og veteranar frå Nansenhjelpa hjelpte rundt 900 jodar til å komme over grensa til Sverige. Ei av dei var Sigrid Hellie-

sen Lund, som vart varsle av norsk politi både 25. oktober og 25. november, og som greidde å varsle meir enn 100 jodar i Oslo. J.F. Myklebust var politimann i hovedstaden og forstod at aksjonen mot jødane var byrjinga på eit

– Det har eg byrja med dei seinare åra, seier Levin. Om hjelparane ikkje tykkjer det er noko å snakke om, er også mange av dei overlevande tagale om fortida. Med utgangspunkt i dei overvande skrev Irene Levin i fjor artikkelen «Faushetens tale» i Nytt Norsk Tidsskrift.

– Dei ville ikkje snakke om det, men det låg der som ein verkebryll.

Svanger under Holocaust

Då Fanny Raskow og ektemannen Herman vart varsle om jødedeportasjonane, gjekk ho svanger i sjuande månad med dottera Irene.

– Difor kallar eg meg ein overlevlar, seier Irene Levin, styremedlem i det norske Holocaust-senteret i Jerusalem. Dei ni var Agnes og Einar Follestad, Agnes og Carl Wilhelmsen, Alfhild Bonnevåg, Nanti og Harald Bryn, og Valdis og Finn Nilsen. Nanti og Harald Bryn var ansvarlege for flyktningetransporten på Austlandet. Irene Levin opplyser at fire andre norske hjelparar etter

lemma i The Righteous Among the Nations av Yad Vashem-senteret i Jerusalem. Dei ni var Agnes og Einar Follestad, Agnes og Carl Wilhelmsen, Alfhild Bonnevåg, Nanti og Harald Bryn, og Valdis og Finn Nilsen. Nanti og Harald Bryn var ansvarlege for flyktningetransporten på Austlandet. Irene Levin opplyser at fire andre norske hjelparar etter

alt å dømme blir heidra med det første.

– Typisk for hjelparane var at dei gjorde det utan å nøle. Utan å ta etterhald sette dei sine eigne liv i fare. Denne typen handlingar er ei påminning i ei tid då dei fleste av oss blir oss sjølve meir enn nok, sa Irene Levin i talen.

– Du kallar deg sjølv ein overlevlar?

– Det har eg byrja med dei seinare åra, seier Levin. Om hjelparane ikkje tykkjer det er noko å snakke om, er også mange av dei overlevende tagale om fortida. Med utgangspunkt i dei overvande skrev Irene Levin i fjor artikkelen «Faushetens tale» i Nytt Norsk Tidsskrift.

– Dei ville ikkje snakke om det, men det låg der som ein verkebryll.

**Sivesind til ettertanke:**

Galleri Doblog viser for tida den største presentasjonen av biletkunstnaren Bengt Sivesind: Måleri, akvareller, teikningar og litografi - 120 arbeid i alt. I føreordet til utstillingsskatalogen seier kunstnaren at han har konsevert seg om hovud, andlet og munnar. Han arbeider i ei figurativ biletvergd og

prøver å strekkje opplevinga av kjende omgrep mot grensa til abstraksjon. Vidare skriv han: «Vi leser ofte ansikter utfra gitte forutsetninger, derfor er det spennende å fokusere på et kjent og intimt fragment som munnen, sette den ut av sammenheng, fremmedgjøre den i en nærmest surrealistisk kontekst. En munn blir en reise.»



Film om Tampa: (NPK) Selskapet Videomaker på Finnsnes har fått pengar til å utvikle ein spelefilm om flyktningane som vart redda av det norske skipet Tampa utanfor Australia. Produksjonen er eit samarbeid mellom selskap frå fleire land. Filmen tek utgangspunkt i flyktningtragedien og det politiske spelet rundt dei 434 flyktningane, fortel NRK Troms.

«*Dei er audmjuke, smålåtne menneske som ikkje snakkar høgt om det dei har gjort, fordi dei såg på det som sjølvsagt å hjelpe menneske i naud*

grufult brotsverk. Difor åtvara han jødar, slik andre kollegar gjorde landet rundt. Ein av dei kviskret til den seinare så kjende Robert Savosnik i Trondheim at dei hadde ordre om å arrestere han. Ein del av hjelparane måtte betale med sine eige liv.

Per Ole Johansen har også skrive om forfølginga av dei norske jødane i *The Holocaust Encyclopedia*, der Walter Laqueur er redaktør. Laqueur skreiv i 1980 boka *The Terrible Secret* (norsk utgåve i 1991: *Det usfattelige var sant*) om korleis Vesten fekk kjennskap til den ende-

lege utryddinga av dei europeiske jødane.

Det samelege mennesket

Om meir enn 19.000 menneske var med på å berge jødar frå Holocaust, er det i den store samanhengen eit lite tal. I mesteparten av omverda var folk passive og likesaile tilskodrar. Dei som grep inn for å hjelpe, var «the exception to the rule», som ein tidlegare leiar av Yad Vashem, Mordechai Paldiel, seier det. Av dette skulle ein tru at dei som med livet som innsats hjelpte jødar, var eineståande menneske.

— Det dei har sams, er det vi kan

kalle *common human decency*, alminneleg menneskeleg sørmd, sa Francois Rochat, ein sveitsisk psykolog som nyleg heldt ei førelsing om emnet i Oslo.

— Dei er audmjuke, beskjedne menneske som ikkje snakkar høgt om det dei har gjort, fordi dei såg på det som sjølvsagt å hjelpe menneske i naud. Elles er dei ulike kvarandre som folk flest, og ingen kunne på forhand seie kven som ville handle slik eller slik, sa Rochat.

— Om det vonde kan bli rutine, som Hannah Arendt har sagt, så kan dei gode gjerningane vere like sjølvsagde handlingar. Å hjelpe var det første dei tenkte på, ikkje seg sjølv. Dei opplevde det ikkje som eit moralisk dilemma. Det som opptok dei, var korleis dei skulle hjelpe på den sikraste måten, seier Rochat, som fann denne haldninga gjennomgående blant dei han hadde intervjua.

— Skal forfølginga av ei gruppe

vere effektiv, gild det å stille henne i eit dårlegast mogleg lys. Men typisk for dei fleste som yte hjelp, var at det viktigaste var situasjonen til dei forfolgte, ikkje kva slags menneske dei var. Døi såg kven offra var trass den offisielle propagandaen, seier Rochat. Menseskeleg sørmd var å vere oppteke av den menneskeverdet til den einskilde, ikkje av dei stereotypiane eller fiendebileta som vart måla av dei.

YAD VASHEMS NORSKE LISTE

Her er Yad Vashems lista over heidra nordmenn per 1. januar 2002:

- Alfhild Bonnevieve
- Harald og Nanti Bryn
- Einar og Agnes Føllestad
- Erling Malm
- Hans Christian Mamen
- Bjørn, Astrid og August Michelsen
- Finn og Valdis Nielssen
- Alice Resch-Synnestvedt
- Per Roth
- Ingeborg Sletten-Fostvedt
- Margit Tosterud
- Einar Wollen
- Agnes og Carl Wilhelmsen
- Den norske motstandsørsla

(Agnes og Carl Wilhelmsen er foreldra til søstrene Alfhild Bonnevieve og Agnes Føllestad. Yad Vashem oppgir ikkje bakgrunnsmaterialet for utmerkingane)

Mange hadde skuldkjensle, særlig for at dei ikkje hadde makt å berge fleire. Dei orka ikkje å sjå seg attende, men ville vidare i livet. Enno i dag er det mange som ikkje snakkar saman om det, endå dei veit om kvarandre, seier Irene Levin. Mor hennar lever enno, og er stadig i kontakt med Agnes Føllestad som var med på hjelpeaksjonen.

— Ei av dei overlevande spurde meg kvifor eg driv med dette arbeidet. Eg sa at eg tykte det var så pinleg at så få av dei som gjorde ein innsats i Noreg for å hjelpe, er kjende. For at ein skal bli godkjend som hjelpar etter reglane til Yad Vashem, trengst det vitneprov frå dei som fekk hjelp, og det er ikkje lett. Mange veit ikkje om kvarandre, og mange er døde, seier Irene Levin.

Samtiden

TIDSSKRIFT FOR POLITIKK, LITTERATUR OG SAMFUNNSSPØRSMÅL

«Alt er til-top ... tidsskriftet kan utveldigst antekutes...»

Norges ledende tidsskrift er ute med nr. 3/2002. Les vår tids fortellinger. Blant 18 saker finner du:

Gore Vidal i samtal med Truls Øra: *Den siste amerikaner*
Cathrine Holst: *Shabana Rehman og individets frihet*
Anders Lindseth og Helge Svare: *Samtidens plass i et liv*
Manuela Ramon-Osmundsen: *Hvordan få til integrering?*
Magnus Marsdal og Bendik Wold: *Nyliberalismens glædemiddel*
Göran Rosenberg: *Demokrati for mangfold*
Slavoj Žižek i samtal med Fløystad og Søbø: *Filosofisk punk rock opera*
Elisabeth Eider: *Den nye krigens nye språk*
Dario Fo: *Er dette den nye fascismen?*

Redaktør: Knut Olav Åmås

Bestill! abonnement nå:
abonnement@samtiden.no eller 22 400 400
Sjekk mer på: www.samtiden.no
Student 265,- Privat 325,- Institusjon 375,-
Førs i Narvesen og bokhandel, kr. 95,-

PALESTINAKOMITEEN I NORGE

Helsepersonell som kan tenke seg å dra med Palestinakomiteens kriseteam, kan få nærmere opplysninger ved å kontakte Palestinakomiteen ved Solrunn Sandvik Mikalsen på telefon 22 22 79 07/ 41 64 61 04 eller Heidi Arntsen på telefon 22 69 93 59 eller mobil 95 90 73 96.

Opplysninger kan fås ved å ringe Palestinabutikken på telefon 22 11 00 26 eller på www.palestinakomiteen.org.

Bli medlem – send penger!

Støtt Palestina: 0532 5541 263